



Osterøy kommune
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Ove Midtbø, 5764 3176

Oversending - klage - innsyn etter offentleglova - Osterøy kommune - tilgang til politikerportal - Bygdanytt

Vi viser til vedlagde e-post 22.06.2023 frå Bygdanytt v/Eirik Langeland Fjeld som gjeld klage på manglande svar på krav om innsyn i dokument hos Osterøy kommune.

Statsforvaltaren er klageinstans i saker om manglande innsyn etter offentleglova, jf. offentleglova § 32 første ledd. Etter forvaltningslova § 33 skal kommunen ved klage sjølv vurdere saka på nytt, før klaga og saksdokumenta vert sendt til oss som klageinstans for handsaming.

Statsforvaltaren minner kommunen om at krav om innsyn og klager over avslag på innsyn skal handsamast «utan ugrunna opphald», jf. offentleglova § 32.

Vi ber Osterøy kommune om å svare på innsynskravet i tråd med gjeldande føresegner. Dersom kommunen kjem til at det ikkje kan gis innsyn, skal det sendast eit skriftleg svar med heimel for avslaget. Eit eventuelt avslag skal også opplyse om høvet til å klage og om klagefrist, jf. offentleglova § 31 første ledd.

Med helsing

Ove Midtbø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

E-post frå Bygdanytt v/Eirik Langeland Fjeld 22.06.2023

Kopi til:

BYGDANYTT AS

Ådnavegen 63

5260

INDRE ARNA